

Les éin og éin regel i tabellen nedanfor høgt i gruppa. Diskuter om regelen er nyttig i ein diskusjon og kryss på *ja*, *nei* eller *kanskje*.

<b>Reglar</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kanskje</b>
1. Den som er best til å lese bestemmer.			
2. Spør alle, etter tur, kva dei meiner.			
3. Spør kvifor, slik at du får ei grunngjeving.			
4. Å prate tar for mykje tid, det er betre å skrive ned ideane.			
5. Utfordre det som er sagt dersom du har ein annan ide.			
6. Dersom andre utfordrar din ide, kan du utdjupe den meir?			
7. Vel alternativ så fort som du kan.			
8. Diskuter gjennom alle moglegheiter før du/dei bestemmer deg/dykk.			
9. Dersom det er tatt feil avgjer, finn ut kven som har skuld i det.			
10. Dersom du høyrer ei god grunngjeving, er det lett å endre mening.			
11. Dersom du veit noko viktig, hald det for deg sjølv.			
12. Dersom du vil bli høyrt, må du snakke veldig høgt eller rope.			
13. Hald for øyra, du veit allereie kva du sjølv meiner.			
14. Forsikre deg om at alle har fått sagt si mening før samtalen blir avslutta.			
15. Gjer deg opp di eiga mening, og hald på den.			
16. Vis respekt for andre sine idear.			
17. Gruppa forsøker å bli samde dersom gruppa skal ta ei avgjer.			
18. Den som er flinkast til å snakke, snakkar mest.			
19. Gruppa må halde diskusjonen innanfor temaet.			
20. Den som er eldst skal leie samtalen.			
21. Det bør vere ein leiar, og gruppa gjer som leiaren seier.			
22. Du skal alltid vere samd med venane dine.			
23. Alle relevante innspel skal delast i gruppa.			
24. Bygg vidare på det andre har sagt.			
25. Sjå og høyrs på den personen som snakkar.			
26. Dei som er på din eigen alder, kan ikkje lære deg noko.			

27. Dersom det er nokon du ikkje likar, så pass på at den personen ikkje blir høyrt på.		
28. Ver klar til å endre mening, det betyr at du har lytta og at du kan akseptere eit bra argument.		
29. Å snakke med andre hjelper deg å tenkje.		
30. Dersom nokon har ei grunngjeving som du meiner ikkje er bra, skal du be dei om å grunngje det på nytt.		
31. Forsikre deg om at alle har blitt spurt om kva dei meiner/tenkjer.		

Vel ut dei seks reglane de meiner er mest nyttige og sett inn i tabellen nedanfor. Grunngje.

Ranger deretter dei seks punkta etter kor viktige dei er (siste kolonne) og grunngje kvifor.

Grunnregel for samtale	Kor viktig er regelen? (ranger fra 1 til 6)